

Emnerapport

NOSP325 Nordisk: Grammatikk og semantikk

Hautsemesteret 2014

Faglærarar: ein professor og ein stipendiat hadde kvar sin halvdel av undervisninga

Evalueringa er planlagd handsama av programstyret for nordisk i vårsemesteret.

Undervisningsformer, vurderingsformer og pensum

Bolkundervisning. Sjå rapport frå hausten 2013. Emnet vart gjennomført på same måten, bortsett frå at semantikk kom først og grammatikk sist.

Studentstatistikk

Tidleg i semesteret var det fem vurderingsmelde studentar. Éin student tok aldri til. Dei fire andre studentane leverte mappeoppgåve 1 og utkast til oppgåve 2, men berre tre leverte endeleg versjon av oppgåve 2. Karakterfordeling: 1 A, 1 B, 1 C.

Rammevilkår

Ikkje noko særskilt å rapportere.

Evalueringar

Vi hadde ein evalueringssamtale i starten av den andre undervisningsbolken. Bakgrunnen for at samtalen vart halden på dette tidspunktet, var at det blei arbeidd med planar om å avvikle bolkkordninga frå hausten 2015 og tilby emnet til 200-nivået òg. Referat frå samtalen:

Ein av studentane meinte at komprimering var ei ulempe, og at det var betre med 2 timars undervisning i veka.

Lektorstudenten meinte at det på den eine sida var greitt at undervisninga var lagt utanom praksis, men at det på den andre sida er ein fordel med god tid mellom førelesingane reint fagleg sett, slik at ein får ein modnings-/læringsprosess mellom kvar førelesing.

Ein annan student meinte at blokkundervisninga genererte stress og gav for lite tid til lesing og førebuing.

Studentane meinte generelt at dei ikkje følte seg klare til å gå i gang med mappeoppgåveskriving etter den første bolken med undervisning.

Samla vurdering

Det har ikkje vore ideelt med bolkkundervisning. Det er gjort vedtak om å avvikle ordninga, og det synest å vere ei rett avgjerd. Utviding til 200-nivået er truleg òg fornuftig, jf. det låge studenttalet.